

Møteinnkalling

Utvalg: Roan - Hovedutvalg for helse, sosial, oppvekst og kultur
Møtested: Kommunehuset - Møterom 2. etg.
Møtedato: 23.11.2017
Tid: 18:00 **MERK TIDEN!**

Forfall meldes til kommunens sentralbord på telefon 72 51 00 00 som sørger for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter kun ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:		
Navn	Funksjon	Reprenterer
Roger Gjessing	Leder	RO-SP
Edna Skjervø	Nestleder	RO-AP
Morgan Tyler Brandsø	Medlem	RO-H
Jon Forfod	Medlem	RO-H
Marianne Strøm	Medlem	RO-SP
Kari H. Larssen	Medlem	RO-V
Henry Terning	Medlem	RO-AP
Annlaug Stene	Varamedlem	RO-KrF
Linda Nygård	Varamedlem	RO-AP
Karen Marie Eian	Varamedlem	RO-H
Geir Arne Kosberg	Varamedlem	RO-SP
Hanne Nilsson Hårstad	Varamedlem	RO-V
Erling Iversen	Varamedlem	RO-SP
Einar Eian	Ordfører	
Roy-Bjarne Hemmingsen	Rådmann	
Kari Helmersen	Sektorleder oppvekst/kultur	
Harriet Larsen	Sektorleder helse/sosial	
Geir Ola Aune	Sektorleder teknisk/landbruk	
Kontrollutvalget		
Eldrerådet		
Kommunalt råd for funksjonshemmede		

Saksnr	Sakstittel	Lukket
	Referatsaker	
RS 19/17	Høyring - Reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnavn.	
	Saker til behandling	
PS 17/17	HU HSOK - Godkjenning av protokoll fra møte 19.10.2017	
PS 18/17	Tilstandsrapporten for grunnskolen i Roan 2016/2017 (Vedlegg er unntatt offentlighet)	
PS 19/17	Tildeling av Roan kommunes kulturpris for 2017	X
PS 20/17	Tildeling av kulturmidler 2017 Roan kommune	

Roan kommune, 15. november 2017

Roger Gjessing/Sign.

Leder

REF. SAK

Språkrådet



2017/528

Dykkar ref.

Vår ref.
15/768-13/DGI

Dato
11.10.2017

Høyring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Språkrådet sender her eit framlegg til reviderte reglar for skrivemåten av norske stadnamn på høyring. Reglane er ei utfylling til § 3 «Særleg om norske stadnamn» i *forskrift om stadnamn*. Reglane skal endeleg godkjennast av Kulturdepartementet. Høyringsfristen er **10. januar 2018**.

Kulturdepartementet vedtok 23. mai 2017 ny *forskrift om stadnamn*, som er kunngjort på Lovdata.no: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638>. *Forskrift om skrivemåten av stadnamn* frå 2007 blei samstundes oppheva. I eit brev til Språkrådet 9. juni 2017 ber Kulturdepartementet Språkrådet sørge for oppfølging av forskriftsendringane, «herunder vurdere behov for reviderte retningslinjer og endringer av gjeldende språkregler til utfylling av forskriftene». Språkrådet kan etter § 14 i den nye forskrifta «fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast».

Den oppheva forskrifta frå 2007 hadde ein kompleks struktur. Først kom sjølve forskrifta, så rettleiing til forskrifta i fire kapittel. «Kommentarar til forskrifta», spesialreglar for skrivemåten av stadnamn, var det tredje kapitlet i denne rettleiinga. Det er desse reglane som no er reviderte.

Dei reviderte reglane skal publiserast på nettsidene til Språkrådet, saman med eventuell anna rettleiing til stadnamnforskrifta.

Kva går endringane ut på?

I oppsettet er det gjennomført eit inndeling i tal, mens det før var ei blanding av tal, bokstavar og strekpunkt.

Paragraf 3 i stadnamnforskrifta opererer med nemningane *rettskrivingsformer*, *regionale samleformer* og *lokale dialektformer*. Det er viktig å merke seg at dei er hierarkisk ordna; dei to første kategoriane av former er likestilte, mens *lokale dialektformer* «kan veljast når særlege grunnar talar for det». I praksis er eit slikt skilje blitt handheva av stadnamnforvaltninga tidlegare òg. Somme former som avvik frå rettskrivinga, har vore rekna som gyldige i skrivemåten av stadnamn, mens andre til vanleg ikkje har vore det. Når det i tabellen i punkt 2 er vist døme på lokale dialektformer, er dette tenkte døme baserte på eksisterande dialektformer; det er ikkje former som til vanleg skal godtakast. Døma på regionale samleformer er derimot former som har vore godkjende i stadnamnforvaltninga tidlegare, og som skal kunne brukast vidare.

Postadresse
Postboks 8107 Dep
NO-0087 OSLO

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Skrivereglane frå rettleiinga til den oppheva forskrifta hadde eit punkt som nemnde ei liste over regionale samleformer, men det blei aldri oppført former i den lista. I dette framlegget er det begynt på ei slik liste med regionale former som kan nyttast. Desse formene er i bruk i dag. Lista må fyllast ut etter kvart som det blir gjort nye tilrådingar i namnesaker.

I «1 Kjønn, tal og form» er ordlyden ein del forenkla jamført med tidlegare tilsvarende regel. Vi meiner likevel at det i praksis er ei vidareføring av det som gjeld i dag. I «2 Ordformer» er det nytt at det er mogleg å nytte *dn* der dette samsvarar med uttalen, og likeins at *ø* for gammalnorsk kort *o* og *ϕ* kan nyttast. I «3 Bøyingsverk» er del viktigaste endringane at *-o* og *-å* kan nyttast som bøyingsendingar, og at former med *-dn-* kan nyttast i fleirtalsendingar. Endringane i 2 og 3 er både motiverte i lokale og politiske ønske og i at det alt er mogleg å nytte fleire andre ordformer og endingar som ikkje er i samsvar med rettskrivinga. Når ein til dømes kan skrive både *skåle* og *skåli* i bunden form eintal, i tillegg til *skåla*, verkar det rimeleg at ein òg kan skrive *skålo* og *skålå*.

I framlegget er det elles for det meste ei vidareføring av det som har vore reglane til no, og vi viser til vedlegget med reglane frå den oppheva *forskrift om skrivemåten av stadnamn* for detaljert jamføring. Språkrådet ønskjer merknader til punkta i framlegget, både til reglane og til framstillinga. Ta kontakt med seniørrådgivar Knut E. Karlsen (knut.e.karlsen@sprakradet.no) eller seksjonssjef Daniel Gusfre Ims (daniel.ims@sprakradet.no, telefon 957 65 152) dersom det er spørsmål til høyringa.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Desse reglane er ei utfylling til § 3 «Særleg om norske stadnamn» i forskrift om stadnamn, vedteken 23. mai 2017. Føremålet med reglane er å sikre at lov- og forskriftstolkningar blir gjorde forsvarleg, og vise korleis krava i forskrifta kan oppfyllest. Reglane er ikkje uttømmande, og det vil i mange saker vere lokale forhold som må vurderast og vektleggjast.

1 Kjønn, tal og form

Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen.

2 Ordformer

Hovudregelen er at ein skal velje den rettskrivingsforma eller den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Når særlege grunnar talar for det, kan ein velje ei lokal dialektform. Særlege grunnar kan vere at ei namneform er vel innarbeidd, eller at det er eit sterkt og eintydig lokalt ønske om ein bestemt skrivemåte. Eit viktig prinsipp i denne samanhengen er *konsekvens* og *einskap*. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområde/kommune.

Med *rettskrivingsform* er meint ei skriftform som er i samsvar med offisiell rettskriving i bokmål eller nynorsk, t.d. *hagen*.

Med *regional samleform* er meint ei skriftform som er basert på dialektformer som er i bruk over større område, og som kan seiast å *representere* ulike (men nærskylde) lokale uttaleformer, t.d. *hagan*, *håggån*.

Med *lokal dialektform* er meint ei skriftform som er basert på dialektformer som ikkje har stor regional utbreiing, t.d. *haggan*, *håggån*.

Tabell som syner høvet mellom rettskrivingsformer, regionale samleformer og lokale dialektformer

Tabellen er ei dømeliste og ikkje ei oversikt over former tillatne i stadnamn. Kvart nytt leksem er understreka i venstre rad.

Rettskrivingsform	Regional samleform	Lokal dialektform
<u>fure</u>		fore, fora, furre, føre
furu		furru, foro
<u>hage</u>	haga	
	hågå	håggå
<u>haug</u>	hog	høg
	håg	hau
		høy
		hau
<u>lykkie</u>		løkkje

løkke		lykke
<u>mose</u>		måse
	måsa	
	måså	måsså
<u>stove</u>		stovo
stue		
	stugu	stuggu
	stogo	
<u>tiern</u>	tjenn	tjeinn
	tjedn	tjeddn
<u>tjørn</u>	tjønn	tjøynn
	tjødn	tjøddn

Ved avveginga mellom rettskrivingsformer eller regionale samleformer på den eine sida og lokale former på den andre gjeld desse retningslinene:

2.1

I ord der ein har val mellom diftong (*stein, straum*) og monoftong (*sten, strøm*) skal ein som hovudregel følgje dialektuttalen. Der monoftongeringa har gitt eit resultat som ikkje er i samsvar med vanleg rettskriving (*stæ:n* av *stein*, *strô:m* av *straum*), skal ein følgje rettskrivinga og som hovudregel bruke diftong.

2.2

I område med jamvektsformer kan rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga skrivast i samsvar med dialektuttalen (*bråtan, hagan, stugu*). Til dømes vil /hag:an/ og /ha:gan/ kunne skrivast *Hagen* (rettskrivingsform) eller *Hagan* (regional samleform).

2.3

Konsonantsambanda *sl, tl, ft, pt, fs, ps, mb* og *rs* kan skrivast i samsvar med dialektuttalen (*lisle/litle, tuft/tupt, ufs/upt, kamb, fors*). Til dømes vil uttalen /tœpt/ kunne skrivast slik: *Tuft* (rettskrivingsform) eller *Tupt* (regional samleform).

2.4

I område med uttalen *b, d, g* for *p, t, k* kan *b, d, g* brukast (*djub, flad, vig*). Til dømes vil uttalen /vi:g/ kunne skrivast *Vik* (rettskrivingsform) eller *Vig* (regional samleform).

2.5

I område med uttalen *tjukk l* av gammalnorsk *rð* skal til vanleg *rd* brukast. Til dømes skal uttalen /ska:r/ til vanleg skrivast *Skard* (rettskrivingsform), ikkje *Skar* (anna rettskrivingsform) eller *Skal* (lokal dialektform).

2.6

I område med uttalen *nn* eller *dn* for *rn* kan *nn* eller *dn* brukast. Uttalen /kjenn/kjønn/ vil kunne skrivast *Tjern/Tjørn* (rettskrivingsformer) eller *Tjenn/Tjønn* (regionale samleformer). Uttalen /kjeddn/kjøddn/ vil kunne skrivast *Tjern/Tjørn* (rettskrivingsformer) eller *Tjedn/Tjødn* (regionale samleformer).

2.7

I område med uttalen *kv* for gammalnorsk *hv* skal til vanleg *kv* brukast (*Kvam, kvit*).

2.8

I område med uttalen *v* for gammalnorsk *hv* skal til vanleg *hv* brukast (*Hvam, hvit*).

2.9

I område med uttalen *gv* for gammalnorsk *hv* kan *gv* brukast (*Gvam, gvit*).

2.10

I område med uttalen \emptyset for gammalnorsk kort *o* og \emptyset kan \emptyset brukast (*ødde, strønd*).

2.11

Når dialektar som har bevart gammalnorske trekk, ligg til grunn, kan det visast i skrivemåten. Skrivemåten kan til dømes vere *Li* (gjeldande rettskrivingsform) eller *Lid* (tidlegare rettskrivingsform).

I særlege tilfelle kan ein nytte lokale former:

2.12

For sterkt avvikande målføreformer kan ein leggje skrivemåten nær opp til dialektuttalen (*fjødd* for *fjell*, *hedde* for *helle*, *kvev*, *kvæv* for *kvelv*, *høy* for *haug*, *litj-* for *litt-*, *håggån* for *hagen*). Lokale former kan nyttast meir i førsteleddet enn i sisteleddet i samansette namn (*Stylfjellet*, men *Fillstølen*).

2.13

For namn og namneledd med uklart opphav bør ein leggje skrivemåten nær opp til dialektuttalen.

3 Bøyingsverk

3.1

Sterke hokjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:

3.1.1 *-a* i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen. Når ordet endar på *-k* eller *-g*, kan endinga *-ja* nyttast når dette samsvarar med uttalen. Uttalen /vi:kja/ kan såleis gje skrivemåten *Vika* (rettskrivingsform) eller *Vikja* (regional samleform). Endinga *-na* kan nyttast når det samsvarar med dialektuttalen. Uttalen /øyna/ kan såleis gje skrivemåten *Øya* (rettskrivingsform) eller *Øyna* (regional samleform).

3.1.2 *-i* når dialektuttalen er *-i* eller *-ei*. Endinga *-ni* kan nyttast når det samsvarar med dialektuttalen. Til dømes kan uttalen /øyni/ gje skrivemåten *Øya* (rettskrivingsform) eller *Øyni* eller *Øyi* (regionale samleformer).

3.1.3 -e, -o og -å i samsvar med dialektuttalen. Når ordet endar på -k eller -g, kan endinga -je, -jo eller -jå nyttast når dette samsvarar med uttalen. Endinga -ne, -no og -nå kan nyttast når det samsvarar med dialektuttalen. Døme: øye, vik(j)e, vik(j)o, vik(j)å, øy(n)o, øy(n)å. Uttalen /øyne/ vil såleis kunne skrivast Øya (rettskrivingsform) eller Øye eller Øyne (regionale samleformer). Uttalen /øynå/ gjev skrivemåtane Øya (rettskrivingsform) eller Øynå eller Øyå (regionale samleformer). Sameleis gjev uttalen /vikjå/ dei moglege skrivemåtane Vika (rettskrivingsform) eller Vikjå eller Vikå (regionale samleformer).

3.1.4 -en i bergensk. Døme: viken.

3.2

Svake hokjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:

3.2.1 -a i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen. Døme: hola, holoa.

3.2.2 -o og -å i samsvar med dialektuttalen. Døme: holo, holå.

3.2.3 -a, -u, -o, -å i jamvektsord i trøndsk og austlandsk i samsvar med dialektuttalen. Døme: stova/stua/stugua/stuggu/stoggo/ståggå.

3.2.4 -en i bergensk. Døme: gaten.

3.3

I bunden form fleirtal kan artikkelen få ei eller to stavingar i samsvar med dialektuttalen. Ein kan nytte endingane -ane, -ene og -a i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen.

3.3.1 Ein kan elles nytte -an(e) når dialektuttalen er -an(e), -ain(e), -æen(e), -æin [o.l.]. Døme: bakkan(e).

3.3.2 -en(e) når dialektuttalen er -en(e), -eine, -en(a) [o.l.]. Døme: bekken(e).

3.3.3 -in(e), -on(e) og -un(e) i samsvar med dialektuttalen. Døme: lykkjun(e).

3.3.4 -a i samsvar med dialektuttalen. Døme: bakka.

3.3.5 -adn(e), -edn(e), -idn(e), -udn(e) kan nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: bakkadn(e).

Inkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfoll med bunden form eintal av sterke hokjønnsord, kan få same ending som desse. Døme: fjelli, bergje.

4 Døme på regionale former som kan nyttast (ikkje uttømmmande)

Lista skal fyllast ut etter kvart, til dømes når nye vedtak blir gjort.

Rettskrivingsform	Regionale former som kan nyttast
aksel f.	oks(e)
auga/auge n.	aue
botn m.	bonn, bott
brot(t) n.	brøt(t)
bråte m.	brote, brøte, brøt(t)a, bråt(t)a
bug m.	bog
båe m.	boe, bode, bøe

fles f.	flæs, flæsja
foss m.	fors
gjel n.	gil, gjøl
gróv/grov f.	grøv
kyrkje/kirke f.	kjerke, kjørk(j)e
mark f.	mork, mørk
nes n.	ness
nos f.	nøs
odde m.	ødde
strand f.	strond, strønd
å f.	åg

5 Dativ

Når dativforma er eineform, bør ho brukast. Dativ fleirtal får endinga *-o*, *-om* eller *-um* i samsvar med dialektuttalen. Døme: *Geilo, Haugom, Sveum*.

6 Samansette namn

Ein skil mellom faste og lause samansetningar. Faste samansetningar skriv ein i eitt ord, t.d. *Storsteinen*, medan lause samansetningar blir skrivne i to eller fleire ord, t.d. *Den store steinen*. Det er dialektuttalen som avgjer om ei samansetning er fast eller laus. Det vanlege i norsk namnelaging er fast samansetning og bunden form. I gate- og vegnamn er det likevel ein viss tradisjon for lause samansetningar, t.d. *Camilla Colletts vei, Henrik Ibsens gate*. Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen. Døme: *Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Mulvikgarnet, Vikafjellet, Vikfjell, Vikefjell*.

Vedlegg: Tidlegare reglar om om skrivemåten av stadnamn frå rettleiinga til den oppheva forskrift om skrivemåten av stadnamn

3. Kommenterar til forskrifta

1. Om skrivemåten av norske stadnamn

a) Til § 1 i forskrifta: Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn

Utanlandske namn og nyare personnamn treng ikkje normerast etter gjeldande rettskriving. Ved oppkalling etter historiske personar skal ein følgje dei offisielle retningslinene for skrivemåtar av historiske namn, som mellom anna finst på Språkrådets heimeside (www.sprakradet.no/www.sprakradet.no). Ved oppkalling etter litterære personar skal ein bruke den skrivemåten som er brukt i det verket namnet er henta frå. Dersom namnet på ein litterær person finst i fleire skrivemåtar, kan ein bruke den namneforma som høver best med moderne rettskriving.

b) Til § 3 i forskrifta: Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn - nokre presiseringar

i. Kjønn, tal og form

Grammatisk kjønn og eintals- eller fleirtalsform skal som hovudregel rette seg etter dialektuttalen.

Bunden form skal brukast i naturnamn dersom den bundne forma er i levande bruk i talemålet. Bunden eller ubunden form kan brukast i gards- og bruksnamn, tettstadnamn, administrasjonsnamn og kommunikasjonsnamn. Bunden form skal brukast dersom ho er i levande bruk i talemålet i dag. Ubunden form skal brukast dersom ho er i levande bruk i talemålet i dag og dessutan er godt innarbeidd i skrift.

Dersom det er vakling i bruken og lokal usemje, skal det leggjast stor vekt på fråsegna frå eigaren for namn på privat eigedom, eller frå kommunen og andre med uttalerett for andre namn.

ii. Bøyingsverk

Eintal

Hankjønnsord får i bunden form endinga -en eller -n i samsvar med dialekten.

Sterke hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga -a. Når dialekten har endinga -i eller -ei, brukar ein -i. Når dialekten har endinga -e brukar ein -e. Bergensk får -en. Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -na, -ne eller -ni brukast.

Svake hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga -a. I det austlandske og trønderske dialektområdet rettar ein seg etter den enkelte dialekten med omsyn til utlydande vokal i jamvektsord (-a, -u, -o, -å). Bergensk får -en.

Fleirtal

I bunden form kan artikkelen få ei eller to stavingar i samsvar med dialekten.

Ein brukar endinga -an(e) når dialekten har -an(e), -ain(e), -ana, -adne, -ad'n/-at'n, -æn(e), -æin. Når dialekten har -en(e), -ein(e), -en(a), -edne, -ed'n/-et'n, -n, brukar ein -en(e). Der dialekten har -in(e), -un(e), -a, kan ein rette seg etter dialekten.

Inkjekjønnsord får endinga -a, -i eller -e når det er samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord.

iii. Lydverk

Ein skal bruke monoftong (enkeltvokal) eller diftong (samband av to ulike vokalar) i samsvar med dialekten. I område med monoftongering skal ein som hovudregel bruke monoftong når denne fell saman med ei tillaten form i rettskrivinga (strøm når uttalen er

strømm). Når monoftongen ikkje er representert i rettskrivinga, skal ein som hovudregel bruke diftong (straum når uttalen er strô:m, stein når uttalen er stæ:n).

I jamvektsformer skal som hovudregel rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga skrivast i samsvar med uttalen i dialekten (Furumyra, Furimyra). Den intervokaliske konsonanten kan skrivast lang eller kort på same måten (hag(g)an, håg(g)ån, stug(g)u, ståg(g)å). Overvektsord som blir bøygde som jamvektsord (bakka, tanga), skal skrivast etter same prinsippet som jamvektsorda.

I område med uttalen b, d, g for p, t, k kan b, d, g brukast.

Konsonantsambanda sl, tl, ft, pt, fs og ps kan skrivast i samsvar med dialekten. I dialektar med konsonantsambanda mb og rs kan desse brukast.

I område med uttalen nn for rn kan ein bruke skrivemåten nn (tjønn, bjønn).

Dialektformer som har nær samanheng med gammalnorske former, kan brukast (lid for li).

For dialektar med tjukk l av gammalnorsk rð skal i regelen rd brukast (skard, urd).

Ein kan bruke gv for gammalnorsk hv i område som har denne uttalen.

iv. Dativ

Når dativforma er eineform, bør ho brukast. Dativ fleirtal får endinga -o, -om eller -um etter dialektuttalen.

v. Samansette namn

I samansette namn bør ein bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet.

c) *Til § 3 i forskrifta: Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn - ei liste over regionale samleformer (ikkje uttømmande)*



Forskrift om stadnamn

Dato	23.05.2017 nr. 638
Departement	Kulturdepartementet
Avd/dir	Avd. for tro, livssyn og kulturvern
Publisert	
Ikrafttredelse	23.05.2017
Endrer	FOR-2007-06-01-592
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-1990-05-18-11-§13
Kunngjort	24.05.2017 kl. 14.05
Korttittel	Forskrift om stadnamn

Heimel: Fastsett av Kulturdepartementet 23. mai 2017 med heimel i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova) § 13.

§ 1. Generelle reglar om norske, samiske og kvenske stadnamn

Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller nammeledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor. Stadnamn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.

For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.

Skal eit objekt som ikkje har hatt namn, namnsetjast, skal det takast omsyn til lokale, nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.

§ 2. Korleis lydleg overførte stadnamn i fleirspråkleg område skal skrivast

Stadnamn som heilt eller delvis er lydleg overførte frå andre språk, og som har fått ein innarbeidd uttale i mottakarspråket, skal følgje rettskrivingsreglane i mottakarspråket. Har eit slikt stadnamn ikkje fått ein innarbeidd uttale, skal det følgje rettskrivingsreglane i opphavsspråket.

Inneheld eit overført stadnamn eit ledd som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan dette leddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet skal følgje rettskrivingsreglane i mottakarspråket. I andre tilfelle skriv ein nammeleddet i samsvar med reglane i mottakarspråket.

§ 3. Særleg om norske stadnamn

Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

For namn på bruk skal det leggjast særleg vekt på kva slags skrivemåte eigaren ønskjer. Dette gjeld òg i saker der vilkåra for at eigaren kan fastsetje skrivemåten, ikkje er oppfylte.

§ 4. Særleg om samiske stadnamn

For samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk eller sørsamisk.

Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland til Tysfjord kommune. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune kan likevel følgje skoltesamisk rettskriving. Lulesamisk rettskriving skal brukast frå og med Tysfjord kommune og sørover til Meløy kommune. Frå og med Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda, kan ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan òg veljast regionale samleformer. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal det eldste namnet brukast av det offentlege. I særlege tilfelle kan det gjerast unntak frå denne regelen.

I avveginga av ulike omsyn skal ein leggje vekt på at stadnamna får ein einskapleg skrivemåte innanfor dei ulike samiske språkområda.

§ 5. Særleg om kvenske stadnamn

For kvenske namn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer. Reine dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

§ 6. Bruk av eittspråklege namn

Har eit objekt berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal det offentlege bruke dette namnet utan omsetjing eller tilpassingar.

§ 7. Bruk av fleirspråklege namn

Har eit objekt samisk eller kvensk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og namneformene er i bruk blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal begge eller alle namna brukast.

I samanhengande tekst skal det offentlege bruke namnet på det språket teksten er utforma i.

På skilt eller kart o.l. der det blir brukt meir enn eitt namn, skal kommunen fastsetje rekkjefølgja av namna. Når ein fastset rekkjefølgja, skal ein ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.

Der det av praktiske grunnar er særskilt vanskeleg å bruke fleire namn, skal det i valet mellom norsk, samisk og kvensk leggjast vekt på kva for eit namn som har lengst tradisjon og er best kjent på staden. Det norske namnet treng ikkje å vere med dersom det er ei lydleg tilpassa form av det samiske eller kvenske namnet, skil seg lite frå det og ikkje er i vanleg bruk i den norske forma.

§ 8. Saksbehandling

Ved vedtak etter stadnamnlova § 5 andre til fjerde ledd skal vedtaksorganet sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Ved behov kan det innhentast ei førebels vurdering frå namnekonsulent.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg, skal ha minst to månader til å uttale seg frå dei får saka. I saker som gjeld nedervde namn på bruk etter stadnamnlova § 6 andre ledd, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan at det ligg føre ei vurdering frå namnekonsulent.

I område med samiske eller kvenske stadnamn må saka òg sendast til namnekonsulent for samisk eller kvensk. Namnekonsulenten skal vurdere om saka gjeld fleire namn på eit objekt og gi ei førebels vurdering av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte.

Saker om skrivemåten av daglegnamn skal behandlast på same måten som saker om dei offisielle bruksnamna. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register.

I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på. Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. I saker som gjeld skrivemåte av nedervde bruksnamn etter stadnamnlova § 6 andre ledd, trengst det likevel ikkje reisast namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren krev det.

§ 9. Vedtak

Vedtak etter stadnamnlova skal vere skriftleg og grunnitt. Grunnivinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og skal innehalde dei faglege føresetnadene for og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket. Grunniving skal givast samtidig med vedtaket for gardsnamn og bruksnamn, når bruksnamnet ikkje er fastsett av eigaren. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, kan krevje å få grunnivinga for andre enkeltnamn.

Ei melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, rett til å sjå saksdokumenta og til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket.

Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram. Blir meldinga kunngjort offentlig, tek klagefristen til å gjelde frå vedtaket vart kunngjort første gongen.

Vedtaksorganet skal sende meldinga til partane i saka og til dei som har uttala seg i saka etter stadnamnlova § 6 første ledd, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til Sentralt stadnamnregister. Gjeld vedtaka korleis eit gardsnamn skal skrivast, skal kommunen sende melding til eigarane av bruk som vedtaket kan få verknad for.

Kommunen skal gjere eit vedtak kjent for dei som har klagerett etter stadnamnlova § 10 første ledd, og som ikkje er partar i saka.

§ 10. Klage

Ein klage skal vere skriftleg, og grunnivinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Klagen skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune dersom kommunen ikkje sjølv er vedtaksorgan. Forvaltningslova kapittel VI gjeld med dei unntaka som går fram av stadnamnlova § 6 og § 10.

Ein klage på eigarfastsett skrivemåte av namn på bruk kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Kartverket, eller feil ved saksbehandlinga.

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avslag på søknad om utsetjing skal vere skriftleg og grunngitt.

§ 11. Klagenemnda for stadnamnsaker

Departementet peikar ut medlemmene i klagenemnda for stadnamnsaker. Sametinget peikar ut medlem som er kunnig i samiske språk. Kvar medlem skal ha ein personleg varamedlem. Medlemmene blir peika ut for fire år om gongen.

Klagenemnda for stadnamnsaker skal ha ein fast leiar som er jurist, to faste medlemmer peika ut etter forslag frå KS (kommunesektorens organisasjon) og ein representant språkkunnig i bokmål, ein i nynorsk, ein i samiske språk og ein i kvensk.

Klagenemnda skal ha fem medlemmer ved behandlinga av norske stadnamn, men er likevel vedtaksfør når minst fire medlemmer, og av dei leiaren eller vara for leiaren, er til stades.

Klagenemnda skal ha fire medlemmer ved behandlinga av samiske og kvenske stadnamn og er vedtaksfør når minst tre medlemmer er til stades, og av dei leiaren eller vara for leiaren og den språkkunnige for samisk eller kvensk. Står stemmetala likt, avgjer leiaren saka.

§ 12. Gjenopning

Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal takast opp på nytt. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda for stadnamnsaker. Vedtaksorganet avgjer om ei sak som er opna på nytt, skal ut på ny høyring.

Eit avslag på ei oppmoding om å ta saka opp på nytt, kan klagast til klagenemnda for stadnamnsaker.

§ 13. Sentralt stadnamnregister

Sentralt stadnamnregister skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter stadnamnlova. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg andre stadnamn som er godkjende etter tidlegare lov og forskrift og brukte i offentleg samanheng, og tilhøyrande opplysningar om desse namna.

For alle namna skal registeret ha opplysningar om:

- a) korleis namnet blir skriva
- b) status for skrivemåten, som foreslått, vedteken, godkjend, avslått mv.
- c) språk
- d) objekttype som grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.
- e) eventuelt fleire namn på same språk for same namneobjekt, og kva for namn som er mest vanleg å bruke, dersom ein har kunnskap om det
- f) flate, line eller punkt med koordinat referert i eit nasjonalt brukt koordinatsystem
- g) administrativ tilhøyrse (kommunennummer)
- h) vedtaksdato og kven som har gjort vedtaket dersom stadnamnet er vedteke
- i) identitetsnummeret i matrikkelen dersom stadnamnet er vedteke og skal brukast i matrikkelen
- j) kva for offentleg bruk stadnamnet er henta frå og om mogleg dato for dokumentasjonen dersom det gjeld eit godkjend stadnamn.

Kartverket fører registeret og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege.

Kartverket skal utarbeide dei standardane og rutineane som skal nyttast ved rapportering til registeret. Skal eit vedtak brukast i matrikkelen, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.

Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i stadnamnlova, og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt stadnamnregister som godkjende skrivemåtar, skal ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som er prioritert i Sentralt stadnamnregister.

§ 14. *Utfyllande reglar*

Språkrådet kan fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast. Språkreglane skal godkjennast av Kulturdepartementet. Sametinget kan fastsetje utfyllande språkreglar om skrivemåten av samiske stadnamn.

§ 15. *Ikraftsetjing*

Forskrifta trer i kraft straks. Frå same tid blir forskrift 1. juni 2007 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn oppheva.

Lov om stadnamn (stadnamnlova)

Dato	18.05.1990 nr. 11
Departement	Kulturdepartementet
Sist endret	LOV-2015-06-19-74 fra 01.07.2015
Publisert	ISBN 82-504-1503-5
Ikrafttredelse	01.07.1991
Rettsområde	Kultur, idrett og underholdning ► Kulturminner
Kunngjort	
Korttittel	Stadnamnlova - stadnl

Lovas tittel endra med lov 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015, etter res. 19 juni 2015 nr. 726).

§ 1. *Formål og verkeområde*

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn¹ som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn.

Lova gjeld ikkje for Svalbard,² Jan Mayen³ og dei norske bilanda,⁴ den norske kontinentalsokkelen⁵ og Noregs økonomiske sone.⁶

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Se § 2, a.

2 Sjø lov 17 juli 1925 nr. 11 § 1 (2).

3 Lov 27 feb 1930 nr. 2.

4 Sjø lov 27 feb 1930 nr. 3 § 1.

5 Sjø lov 21 juni 1963 nr. 12 § 1 andre punktum.

6 Sjø lov 17 des 1976 nr. 91 § 1.

§ 2. *Definisjonar*

I denne lova tyder:

- a) stadnamn: namn på terrengformasjonar som fjell og vatn, kulturformasjonar som gardsområde, gardsbruk, vegar og bruer, administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser
- b) gardsnamn: namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til
- c) bruksnamn: namn på gardsbruk eller annan eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer
- d) nedervd stadnamn: stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar
- e) nedervd lokal uttale: uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk
- f) rettskrivingsprinsipp: allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

§ 3. *Namnevern*

Eit stadnamn¹ kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom det ikkje er i bruk som verna etternamn,² ikkje er eit særlege namn og heller ikkje må vernast av andre grunnar.

Eit nedervd stadnamn³ kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Sjø § 2, a.

2 Jf. lov 7 juni 2002 nr. 19 § 3.

3 Sjø § 2, d.

§ 4. Reglar om skrivemåten

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn¹ takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.² Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp³ for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for kvensk. Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta. Dette gjeld ikkje i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren. To eller fleire skriftformer av same namn på det same namneobjektet kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- b) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Sjø § 2, a.

2 Sjø § 2, e.

3 Sjø § 2, f.

§ 5. Fastsetjing av skrivemåten

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd
- b) eigaren eller festaren¹ i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom
- c) ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn²
- d) stadnamnkonsulentane³ når det gjeld stadnamn i deira område

Kommunen vedtek skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statens kartverk vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor det same administrative området.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn,³ kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Sml. lov 20 des 1996 nr. 106.

2 Sjø § 2, a.

3 Sjø § 11.

§ 6. Nærmare om saksbehandlinga

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigaren eller festaren¹ har rett til å uttale seg i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn.² Eigaren eller festaren har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn³ når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast

av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn⁴ organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal namnekonsulentane gi tilråding. Grunneigaren kan be om å få tilråding frå namnekonsulentane i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom.

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn⁵ har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal i alle andre tilfelle vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningsloven⁶ kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Sml. lov 20 des 1996 nr. 106.

2 Sjå § 2, c.

3 Sjå § 2, b.

4 Sjå § 2, a.

5 Sjå § 2, b og c.

6 Lov 10 feb 1967.

§ 7. Gjenopning

Ei sak kan bli gjenopna av dei som er nemnde i § 5 bokstav a til d, dersom det kjem til nye opplysningar. Nytt vedtak skal gjerast etter reglane i denne lova.

0 Endra med lov 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533) som endra med lov 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008, etter res. 26 jan 2007 nr. 88) som endra med lov 26 jan 2007 nr. 3.

§ 8. Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Skrivemåten¹ av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn,² eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn³ skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn⁴ som er identisk med gardsnamnet eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet.

Eigaren eller festaren⁵ kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nyoppretta bruk eller eit bruk som ikkje har eit nedervd namn.

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Sjå § 4.

2 Sjå § 2, a.

3 Sjå § 2, b.

4 Sjå § 2, c.

5 Sml. lov 20 des 1996 nr. 106.

§ 9. Bruk av stadnamn

Når skrivemåten av eit stadnamn¹ er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret,² skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.

Samiske og kvenske stadnamn¹ som blir nytta blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal til vanleg brukast av det offentlege t.d. på kart, skilt, i register saman med eventuelt norsk namn.

Offentlege organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd, skal halde fram med å bruke dei skriftformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak.³

0 Endra med lov 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533).

1 Sjå § 2, a.

2 Jf. § 12.

3 Jf. §§ 5 og 7.

§ 10. Klage

Vedtak etter denne lova kan påklagast av dei som etter § 5 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn.¹ Tilsvarande gjeld for vedtak om namnsetjing etter anna lov, dersom vedtaket er i strid med § 3 i lova her. Offentleg organ har berre klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta.² Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Klage skal grunngivast.³ Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast. Feilbruk eller manglande bruk av stadnamn etter § 9 kan påklagast til overordna departement. Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Språkrådet, Sametinget⁴ og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 6 tilsvarande. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven⁵ kapittel VI.

0 Endra med lover 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), 19 juni 2015 nr. 74 (ikr. 1 juli 2015 iflg. res. 19 juni 2015 nr. 726).

1 Sjå § 2, a.

2 Jf. § 1 (3).

3 Jf. fvl. § 34 (2).

4 Sjå lov 12 juni 1987 nr. 56 § 1-2.

5 Lov 10 feb 1967.

§ 11. Stadnamnkonsulentar

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og kvenske stadnamn. Sametinget¹ oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn.²

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.¹

0 Endra med lov 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533).

1 Sjå lov 12 juni 1987 nr. 56 § 1-2.

2 Sjå § 2, a.

§ 12. Stadnamnregister

Det skal førast eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

Opplysningane i registeret er offentlege.

0 Endra med lov 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533).

§ 13. Forskrift og unntak

Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av lova.

Når særlege grunner talar for det, kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i lova og forskrifta.

0 Endra med lov 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533).

§ 14. Iverksetjing

Denne lova gjeld frå den tid Kongen fastset.¹

Frå same tid blir det gjort følgjande endring i lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven): - - -

0 Endra med lov 10 juni 2005 nr. 53 (ikr. 1 aug 2006 iflg. res. 10 juni 2005 nr. 533), endra paragrafnummer frå § 13.

1 Frå 1 juli 1991 iflg. res. 18 mai 1990 nr. 361.



SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr</i>	<i>Utvalg</i>	<i>Møtedato</i>
17/17	Roan - Hovedutvalg for helse, sosial, oppvekst og kultur	23.11.2017

Saksbehandler: Åshild Irene Hauknes

HU HSOK - GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE 19.10.2017

Vedlegg

1 HU HSOK - Protokoll fra møte 19.10.2017

Sakens bakgrunn og innhold:

Protokoll følger vedlagt.

Rådmannens innstilling:

HU HSOK godkjenner protokoll fra møte 19.10.2017

Møteprotokoll

Utvalg: Roan - Hovedutvalg for helse, sosial, oppvekst og kultur
Møtested: Kommunehuset - Møterom 2. etg.
Dato: 19.10.2017
Tid: 19:00 – 21:00

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Roger Gjessing	Leder	RO-SP
Edna Skjervø	Nestleder	RO-AP
Morgan Tyler Brandsø	Medlem	RO-H
Marianne Strøm	Medlem	RO-SP
Kari H. Larssen	Medlem	RO-V

Faste medlemmer som ikke møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Jon Forfod	Medlem	RO-H

Henry Terning var innkalt men møtte ikke

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
Karen Marie Eian	Jon Forfod	RO-H

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kari Helmersen	Sektorleder oppvekst/kultur
Harriet Larsen	Sektorleder helse/sosial
Einar Eian	Ordfører

Merknader:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Høring – Stadnavn – skrivemåte tas opp på neste møte 23.11.2017.

Saksnr	Sakstittel	Lukket
	Saker til behandling	
PS 16/17	HU HSOK - Godkjenning av protokoll fra møte 24.08.2017	

Orienteringssaker:

1. Skjenkebevillingssaker
Tatt til orientering.

2. **Rapport Ungdata 2017 for Roan kommune**
Tatt til orientering.
3. **Budsjett 2018**
Forslag pr. 19.10.2017 gjennomgått.
Innspill til budsjett: Beholde skolefrukt.
4. **Orientering om Kulturminneplan**
Kulturminneplanen ble gjennomgått.

PS 16/17 HU HSOK - Godkjenning av protokoll fra møte 24.08.2017 HU HSOK -

Rådmannens innstilling:

HU HSOK godkjenner protokoll fra møte 24.08.2017

Saksprotokoll i Roan - Hovedutvalg for helse, sosial, oppvekst og kultur - 19.10.2017

Behandling:

Enstemmig som innstilling.

Endelig vedtak:

HU HSOK godkjenner protokoll fra møte 24.08.2017

Roan kommune, 23. oktober 2017

Roger Gjessing/Sign.
Leder



SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr</i>	<i>Utvalg</i>	<i>Møtedato</i>
18/17	Roan - Hovedutvalg for helse, sosial, oppvekst og kultur	23.11.2017

Saksbehandler: Kari Helmersen

TILSTANDSRAPPORTEN FOR GRUNNSKOLEN I ROAN 2016/2017

Vedlegg

1 Tilstandsrapport-for-grunnskolen-i-Roan-2016-2017 (1) 181017

Sakens bakgrunn og innhold:

I henhold til Opplæringsloven § 13-10 skal det årlig utarbeides en rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa. Rapporten skal minimum si noe om læringsresultat, frafall og læringsmiljø. Det rapporteres i tillegg på omfanget av spesialundervisning i kommunen. Rapporten legges fram etter den mal som er utarbeidet av Utdanningsdirektoratet.

Vurdering:

Læreplanen Kunnskapsløftet med generell del og fagplaner bestemmer innholdet i opplæringa. I tillegg er det sentrale stortingsmeldinger og NOU som legger føringer for skolens arbeid. Fra 01.08.17. er det ny § 9A i Opplæringsloven, denne omhandler elevens læringsmiljø.

Av stortingsmeldinger kan nevnes:

Stortingsmelding 31 (2007-2008) «Kvalitet i skolen», omhandler utjevning av forskjeller og kvalitet på arbeidet med grunnleggende ferdigheter.

Stortingsmelding 22 (2010-2011) «Motivasjon, mestring og muligheter» omhandler ungdomstrinnet.

Stortingsmelding 21 (2016-2017) «Lærelyst» - tidlig innsats og kvalitet i skolen.

NOU 2015:2 «Å høre til», virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø

NOU2015:8 «Fremtidens skole», rapport fra Ludvigsen- utvalget

Oppsummering:

Tilstandsrapporten har vært lagt fram fra skoleåret 2009/2010. Tilstandsrapporten 2016/17 viser at elevene opplever stor grad av mestring og lite mobbing. Elevresultater 5. trinn ligger noe under landsgjennomsnitt, for 8. trinn ligger resultatene over landsgjennomsnitt.

Tidlig innsats 1-4 er i Roan organisert som økt lærertetthet i norsk og matematikk, det arbeides også kontinuerlig med grunnleggende ferdigheter i regning, lesing, digitale

ferdigheter, å kunne uttrykke seg skriftlig og muntlig. Tilstandsrapporten viser at det fortsatt er behov for vektlegging av grunnleggende ferdigheter og tidlig innsats.

Rådmannens innstilling:

Tilstandsrapporten for 2016/2017 tas til orientering.



SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr</i>	<i>Utvalg</i>	<i>Møtedato</i>
20/17	Roan - Hovedutvalg for helse, sosial, oppvekst og kultur	23.11.2017

Saksbehandler: Kari Helmersen

TILDELING AV KULTURMIDLER 2017 ROAN KOMMUNE**Sakens bakgrunn og innhold:**

Ved fristens utløp hadde det kommet inn 12 søknader. Det er kr 40 000 til fordeling

Vurdering:

Søker	Virksomhet	Søknadssum
Straum velforening	Veilys og gapahuk	Uspesifisert
Osen og Roan handikaplag	Arrangement for funksjonshemmede	5 000
Roan idrettslag	Idrett for barn, lysløype	10 000
Måken 4H	Arbeid for barn og unge	15 000
UL Fremad	Vedlikeholde bygget	8 000
UL Fremskritt	Vedlikeholde bygget	10 000
Roan skolemusikkorps	Musikk for barn og unge	Uspesifisert
UIF Bjørgan	Idrett/ fotball, mest voksne	Uspesifisert
SR Grendalag	Vedlikeholde huset/ veilys	15 000
Vik-Bessaker grendalag	Nytt kjøkken grendahus	Uspesifisert
Kiran skytterlag	Vedlikeholde bygget	10 000
Morten Braseth	Bygg til bl a gamle motorer	100 000

Oppsummering:

Det foreslås at Roan skolemusikkorps prioriteres fordi dette er det eneste laget som driver særskilt mot barn og som samtidig har løpende lønnskostnader til dirigent. Bjørgan har trenerutgifter, her er det muligheter for annen inntekt og laget driver spesielt rettet mot voksne. Morten Braseth har tidligere fått kulturprisen for sitt arbeid med gamle motorer og bør støttes i dette arbeidet. Dersom alle søkere skal få tildeling, blir det en liten sum på hver.

Rådmannens innstilling:

Roan skolemusikkorps	Kr 12 000
Måken 4H	Kr 2 500
Roan idrettslag	Kr 2 500
UIF Bjørgan	Kr 2 500
Sør-Roan grendalag	Kr 2 500
Vik-Bessaker grendalag	Kr 2 500
Straum velforening	Kr 2 500
UL Fremad	Kr 2 500
UL Fremskritt	Kr 2 500
Kiran skytterlag	Kr 2 500
Osen og Roan handikaplag	Kr 2 000
Morten Braseth	Kr 4 000

Roan 14.11.17